

NN



# BRANNTRYGGLIKA I HEIMEN





Foto: Ørjan Deisz, Bergens Tidende

## BESØK AV BRANNVESENET

Alle som har registrert eldstad eller fyringsanlegg får feiring og tilsyn minst kvart fjerde år. Ved å fjerne sot og bek blir brannfaren i skorsteinen redusert. Kor ofte det skal feiast, er avhengig av sotmengde og oppvarmingssystemet i bustaden. Det er ikkje lovpålagt med feiring i fritidsbustader, men dette kan gjennomførast etter avtale.

Huseigar må legge til rette for at feiaren får sikker tilkomst til skorsteinen. Trekkventilar, spjeld og omnsdører må vere lukka. Huseigar må sette fram ein ubrenneleg behaldar til soten.

**Feiaren fører også tilsyn med alle private bustader med eldstad minst kvart fjerde år.** Tilsynet omfattar informasjon om korleis du best kan ivareta branngryggleiken i bustaden din. Feiaren inspirerer eldstad, røykrør, skorstein, røykvarslarar, sløkkjemateriell, rømmingsvegar og oppbevaring av brannfarleg vare. Eigar eller ein representant for eigar må vere til stades i bustaden under tilsynet.

Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) fører tilsyn med det elektriske anlegget.

## VARSLING

**Røykvarslaren reddar liv.** Den varslar tidleg om brann, slik at det er mogeleg å komme seg ut og eventuelt også sløkkje brannen.

**Alle bustader skal ha minst ein godkjent røykvarslar** eller brannalarmanlegg. Desse må høyraast tydeleg på alle soverom med stengde dører. Eigaren av bustaden har ansvar for å skaffe og montere røykvarslar. Brukaren av bustaden har ansvar for å teste røykvarslaren og skifte batteri.

**Røykvarslarane bør være seriekopla** slik at dei varslar samtidig. Er bustaden stor eller består av fleire etasjar, bør du ha fleire røykvarslarar – minst ein i kvar etasje. Røykvarslarane bør monterast på høgaste punkt i taket og minimum 50 cm frå veggan. Følg monteringsrettliniinga.

**Optisk eller ionisk?** Optiske røykvarslarar reagerer raskast ved ulmebrann, mens ioniske røykvarslarar reagerer raskast på open eld. Brannvesenet anbefalar optiske eller kombinerte røykvarslarar.

**Test røykvarslaren.** Dei fleste røykvarslarar lagar korte og svake pip når batteriet blir dårleg. Du må då skifte batteri så snart som mogeleg. Røykvarslarane bør testast minst ein gong i månaden og kvar gong du har vore bortreist over lengre tid. Batteriet bør skiftast ein gong i året, gjerne 1. desember som er røykvarslarens dag. Test også om røykvarslaren reagerer på røyk. En røykvarslar som er eldre enn ti år bør skiftast ut.



## RØMMINGSVEGAR

Ved ein brann er det viktig at alle som oppheld seg i bustaden kjem seg ut raskt. Hald rømmingsvegane ryddige og ikkje plasser syklar, trillevogner eller andre gjenstandar her. Kontroller at vindauge og dører er lette å opne og vurder om det er behov for ekstra rømmingsmateriell.

Snakk med familien om korleis de skal oppstre ved brann, og kva slags rømmingsmogelegheiter de har frå ulike rom. Avtal ein fast møteplass utanfor huset. Gjennomfør ei brannøving med familien.



Tenn frå toppen. Bygg med tørre vedkubbar nedst, opptenningsved og opptenningsbrikettar øvst.

## NY ELDSTAD?

**Skift til ein reintbrennande eldstad.** Nye omnar reduserer risikoen for sot-brann, og gjev 30–50 prosent meir varme enn gamle eldstader. Dei forureinar i tillegg mykje mindre og er meir energiøkonomiske.

**Meld frå om ny eldstad.** Har du montert ein ny eldstad skal du sende melding til brannvesenet om dette. Det er berre bustader med registrerte eldstader som jamnleg får besök av feiar.

**Monter eldstaden din riktig.** Følg rettleiinga for montering. Bruk fagfolk til trygg og riktig montering.

**Toppmonter røykrøret.** Dette gjev mindre skade på skorsteinen, reduserer brannfaren og gjev meir varme.

## FYRINGSTIPS

**Bruk riktig brensel** til eldstaden din. Bruk tørr ved. Ikkje fyr med trykkimpregnert materiale, og bruk aldri brennbare væsker i ved-, pellets- og koksfyrt eldstader. Fyring med oljeholdig peiskubbe må gjerast etter bruksanvisninga.

**Tenn frå toppen.** Det gjev hurtig varme og mindre sot. Bygg med tørre vedkubbar nedst, opptenningsved og opptenningsbrikettar øvst. Legg i ofte og lite.

**Fyr med riktig trekk.** Det trengs mykje luft til god forbrenning. La ventilane i eldstaden vere opne i starten, og reguler når du har fått god fyr.

**Regelmessig reingjering** reduserer risikoen for brann. Oske og sot er varmt i fleire dagar. Når du tömmer eldstaden for oske må du bruke ein brannsikker behaldar med lokk.

## BIOETANOLPEISER OG FLYTTBARE GASOVNAR

Flyttbare gasovnar og bioetanolpeisar må brukast og haldast ved like i samsvar med bruksanvisninga. Dei skal berre brukast under tilsyn, i godt ventilerte rom og med god avstand til brennbart materiale. Vent med etterfylling av bioetanol til væska i peisen er kald, viss ikkje er det stor fare for at den tar fyr.

Ikkje bruk slike apparat i rom der folk sov, forsamlingslokale, på overnattingssstader, sjukehus og andre pleieinstitusjonar, omsorgsbustader, skular, salslokale og lager.

## OPPBEVARING AV GASS

I ei bueining kan det maksimalt oppbevarast 55 liter brannfarleg gass. Det tilsvrar to 11-kilos flasker.

I garasje, utvendig bod, båthus eller liknande kan det maksimalt oppbevarast 90 liter brannfarleg gass. Det er forbode å oppbevare propan på loft, i kjellar og i andre rom under terreng.

Brukar du propan må du jamnleg sjekke slangar og koplingar på propanutstyret.

## NEDGRAVNE OLJETANKAR

Oljetankar knytt til oljefyringsanlegg i privatbustader er ofte gravne ned i jorda. Det er eigars ansvar at det blir gjort tilstandskontroll på tankane. Tilstandskontrollen blir gjennomført av godkjende firma. Ein oljetank som ikkje er i bruk skal gravast opp og fjernast.

## SLØKKJEUTSTYR

Alle bustader skal ha eigna sløkkjeutstyr. Det kan anten vere ein husbrannslange, eit pulver- eller skumapparat. Det beste er å ha både ein husbrannslange og eit pulver- eller skumapparat. Sløkkjeutstyret skal monterast lett tilgjengelig og må kontrollerast jamnleg.

**Husbrannslangen** har uavgrensa sløkkjekapasitet. Slangen bør vere fast montert til ei kran og skal rekkje fram til alle rom i huset.

**Skumapparatet** inneholder skum med vatn som sløkkjer brann ved kvelning og nedkjøling samtidig. Dette må enten være 9 liter, eller 6 liter med sløkkjeffekt på minst 21A. Brukstid: 9 liter: 20-30 sekund. Skumapparat tåler ikkje frost.

**Pulverapparatet** må vere på minst 6 kilo. Eit pulverapparat er lett å ta med seg. Det kan brukast på alle typar brann. Brukstid er 10-20 sekund.



**Brannteppe** er ikkje påbode, men kan vere eit nyttig tilleggsutstyr. Eit brannteppe er svært effektivt mot små brannar i startfasen, men ikkje eigna til å bruke ved større brannar.

**Sløkkjespray** kan også vere eit godt supplement til anna utstyr. Ei god plassering for dette er på kjøkkenet.



Ver påpasseleg når du brukar komfyren.

## ELEKTRISK UTSTYR

**Komfyr.** Over halvparten av alle bustadbrannar startar på komfyren. Hald alltid øye med komfyren når den er i bruk. Installasjon av komfyrvakt kan hindre brann.

**Sikringar.** Går sikringane ofte, er det eit teikn på at det elektriske anlegget ikkje er tilpassa bruken din. Bruk fagfolk når du treng å gjere arbeid på det elektriske anlegget. Ikkje belast stikkontaktane med for mange elektriske produkt.

**Lamper og varmeomnar** bør vere fastmonterte. Bruk elektriske produkt berre til det dei er meint for. Følg monteringsrettleiinga.

**Vaskemaskin og tørketrommel.** Bruk ikkje vaskemaskin og tørketrommel når du søv eller er vekke frå huset. Reingjer lofilteret i tørketrommelen når du har brukt maskina.

## VER VARSAM MED ALL BRUK AV OPEN ELD

**Stearinlys.** Forlat aldri eit rom med levande lys. Plasser aldri levande lys for nært brennbart materiale. Unngå pynt og dekorasjonar nær lyset.

**Røyking.** Ver varsam med røyking i sofaen og røyk aldri på senga. Oskebeger skal ikkje tömmast i bosspannet, men i ein brannsikker behaldar med lokk.

## PLASSERING AV KONTEINARAR OG BOSSPANN

Påsette bygningsbrannar startar ofte i byggmateriale, pappøskjer eller i boss som står nært bygningar. Plasser difor konteinrarar og bosspann i god avstand frå husveggen.

## DETTE SKAL DU GJERE VED BRANN

Dersom brannen ikkje har blitt for stor kan du forsøke å sløkkje, men ikkje utsett deg sjølv eller andre for fare. Hugs at røyken er svært giftig. Kom deg ut av bygget og varsle brannvesenet på naudnummer 110.

**Sløkkjing.** Skal du sløkkje ein brann med ein husbrannslange eller brannsløkkjingsapparat, hald litt avstand og sikt mot botnen av flammane. Hugs at eit 6-kilos pulverapparat brukar 10-20 sekund på å tømmast. Brukar du husbrannslange, ha på vatn til du er heilt sikker på at brannen er sløkt, eller fram til brannvesenet kjem.

Bruk aldri vatn mot brannar i frityr eller olje. Det vil gje ei eksplosjonsarta brannutvikling. Brenn det i ei gryte er det lurt å kvele flammen ved å legge lokk over gryta og trekke den vekk frå plata. Før du sløkkjer brann i elektriske apparat og innretningar bør du trekke ut kontakten.

**Rømmingsveg.** Skulle det oppstå brann, unngå å flytte deg over lengre avstandar i røykfylte rom. Dersom dette likevel er nødvendig, hald deg lågt ved å krype på golvet. Dersom det er mørkt kan du orientere deg langs veggen. Er rømmingsvegen full av røyk kan det vere mest fornuftig å stenge døra og bli på rommet, i leilegheita eller ta seg ut på ein balkong. Gje i så fall tydelege signal om kor du oppheld deg, slik at du raskt kan få hjelp når brannvesenet kjem.

### Ved brann

- Redd alle som er i fare.
- Varsle naudnummer 110.
- Sløkkje dersom du ikkje utsett deg sjølv for fare .
- Rømme til sikkerheit.

## BRANNSKADAR

Slik kan du avgrense brannskadane på ein person som har tatt fyr:

**Ved tilgang på vatn.** Når det brenn i kleda til ein person, er vatn det viktigaste sløkjemiddelet. Elden vil alltid søkje oppover. Difor skal ein person som brenn alltid leggast ned, slik at flammor og røyk kjem vekk frå ansikt og hovud. Sløkk elden med vatn så fort som mogeleg. Fjern eventuelt lause klede på området og avkjøl med vatn.

**Utan tilgang på vatn.** Sørg for at personen blir lagt ned. Kvel elden med eit teppe, ei jakke eller liknande, eller rull personen rundt på bakken. Sørg for at teppet som blir lagt rundt personen sluttar tett om halsen. For å kvele elden kan du stryke på teppet frå hovudent og ned langs kroppen. Unngå å slå/klappe på teppet, dette vil gje oksygen til brannen.



Fjern teppet eller tøyet så snart elden er sløkt. Skaff vatn eller anna uskadeleg væske og avkjøl det forbrente området. Fortsett avkjølinga fram til personen får legebehandling.



## SNAKK MED DINE NÆRE ELDRE OM BRANN

Ein av tre pårørande fryktar at eldre i familien skal bli ramma av brann, og eldre er faktisk meir utsett for å komme i brann enn andre aldersgrupper. Pårørande kan med forholdsvis enkle grep bidra til å gjere det tryggare:

Snakk med dine nære eldre om branngryggleik, skift batteri i røykvarslaren og test den jamlegg, sjekk at bustaden har sløkkjeutstyr, og at dette faktisk kan brukast av bebruar – og vurder å installere komfyrvakt!



Bergen brannvesen

Postboks 7700

5020 Bergen

Besøksadresse

Lungegårdskaien 44

Tlf: 53 03 00 00

[bergen.brannvesen@bergen.kommune.no](mailto:bergen.brannvesen@bergen.kommune.no)

[www.bergen-brannvesen.no](http://www.bergen-brannvesen.no)



[facebook.com/bergenbrannvesen](https://facebook.com/bergenbrannvesen)



[twitter.com/johnnybreivik](https://twitter.com/johnnybreivik)



[twitter.com/110hordaland](https://twitter.com/110hordaland)



[instagram.com/bergenbrannvesen](https://instagram.com/bergenbrannvesen)